



**DET KONGELEGE  
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT**

Statsråden

Stortinget  
Postboks 1700 Sentrum  
0026 OSLO

Dykkar ref  
HM/IHM

Vår ref  
24/831-

Dato  
24. april 2024

**Svar på brev fra Næringskomiteen - Dokument 8:141 S (2023-2024) -  
Representantforslag om ei bærekraftig reindriftsforvaltning**

Eg viser til brev frå Næringskomiteen dagsett 12.04.2024 vedlagt representantforslag Dokument 8:141 S (2023-2024) frå stortingsrepresentantane Bengt Rune Strifeldt, Sivert Bjørnstad, Dagfinn Henrik Olsen og Per-Willy Amundsen om ei berekraftig reindriftsforvaltning.

I Dokument 8:164 vert det fremja 5 konkrete forslag:

- 1. Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag på tiltak for å redusere øvre reintall tilnærmet nivået på 1970–80-tallet, slik at de i større grad samsvarer med beiteressursene og bidrar til at reindriften i fremtiden kan bli økologisk bærekraftig.*
- 2. Stortinget ber regjeringen sikre større medvirkning av kommunene i reindriftsforvaltningen, slik at de kan stille krav til maksimalt øvre reintall i de respektive kommunene.*
- 3. Stortinget ber regjeringen gjeninnføre offentlig oversikt over reintall på kommunenivå som et viktig styringsverktøy, og tilføre ressurser til kommunene for å sikre en bedre reindriftsforvaltning.*
- 4. Stortinget ber regjeringen stille krav til distriktsplaner for reinbeitedistrikter som tar høyde for bærekraftig drift (bærekraftsplan) og som lokale myndigheter kan bruke i arbeidet med egen arealplanlegging.*
- 5. Stortinget ber regjeringen vurdere sanksjoner og vurdere å frata reindriftutøvere rett til å drive med reindrift ved gjentatte brudd på reindriftsloven, ved gjentatte overtredelser inn i andre beitedistrikter og på dyrket mark, samt ved gjentatte overtredelser i boligområder, hager og kirkegårder.»*

## **Innleiing**

Innleiingsvis viser eg til at reindriftspolitikken byggjer på Stortinget si handsaming av Meld. St. 32 (2016-2017) *Reindrift – Lang tradisjon – unike muligheter*, lagt fram av Regjeringa Solberg våren 2017. Stortinget handsamar i tillegg reindriftspolitikken to gonger i året: ved den årlege proposisjonen om reindrifftsavtalen og ved handsaming av det årlege statsbudsjettet.

Eg vil framheve den tydinga reindriffta har for næring, sysselsetjing og økonomi i mange lokalsamfunn, og som urfolksnæring er reindriffta ein grunnleggande føresetnad som forvaltar av samisk levesett, språk og kulturarv.

Reindriffta er basert på at reinen skal beite på utmarksbeite heile året. Både naturtilhøva og reinen sine behov varierer gjennom året. Reinen trekker mellom dei ulike årstidsbeitene og utøverane flytter etter. Beiteområdene strekkjer seg ofte over fleire kommunar, og i enkelte tilfelle over fylkesgrenser. Beite- og flyttemønsteret er det same år etter år, men det er store regionale forskjellar både i flyttemønster og i avstandar reinen blir flytta. Eit flyttemønster som er tilpassa årstidsvariasjonane og reinen sin natur gjev ei optimal utnytting av marginale utmarksressursar. Den tradisjonelle driftsforma med flytting mellom årstidsbeite, er dermed viktig både for både økologisk, økonomisk og kulturell berekraft i reindriffta.

Innanfor det samiske reinbeiteområdet er det 6 regionale reinbeiteområde, som er delt inn i totalt 80 reinbeitedistrikt. Grensene for reinbeitedistrikta er sjeldan samanfallande med kommunegrensene. Vidare kan òg fleire reinbeitedistrikt ha beiterettar i same kommune, både til same tid og på ulike tider.

Statsforvaltarane i høvesvis Trøndelag, Nordland og Troms og Finnmark har sidan 2014 vore førstelinestyresmakt for reindrift. Før 2014 var det regionale områdestyre, der reindriffta var representert, som hadde dei oppgåvene statsforvaltaren har i dag. Områdestyra var kollegiale organ, oppnemnt av fylkestinget og Sametinget. Endringa som vart gjort i 2014 hadde som formål å forenkle forvaltninga av reindriffta og for å sikre habilitet og kompetanse.

Berekraft er hovudmålet i reindriftspolitikken, og ei berekraftig reindrift skal gi dagens reindrifftsutøvarar moglegheit til å utøve reindrift samstundes som moglegheitene for framtidige generasjonar til å drive reindrift vert ivareteke. Avtalepartane til reindrifftsavtalen er samde om korleis måloppnåinga i reindriftspolitikken kan vurderast. Stortinget får dette til handsaming i proposisjonen til Stortinget om Reindrifftsavtalen 2024/2025.

## **Svar på stilte forslag**

### **Svar på forslag 1**

Det er avgjerande for å nå målet om berekraftig utvikling at reintalet er tilpassa beitegrunnlaget.

Reintal har vore ei utfordring over tid, og etter at gjeldande reindrifftslov vart sett i verk har det vore gjennomført reduksjonsprosessar i Finnmark. I samband med prosessen med reintal vart det gjort vurderingar av om øvre reintal for dei enkelte reinbeitedistrikta vil vere

berekraftige over tid. Sidan 2015 har innrapporterte tal vist at siidaandelane i all hovudsak har følgd opp gjevne reduksjonsvedtak, men nokre få reinbeitedistrikt er framleis over det fastsette øvre reintalet. Desse reinbeitedistrikta vert følgd opp i samsvar med reindriftslova sine reglar.

### **Svar på forslag 2**

Omtalen av beite- og flyttmønstra i reindriffta over, viser at forvaltning av reintalet på kommunenivå ikkje er i samsvar med korleis reindriffta vert utøvd. Fastsetjing av reintal kommunevis, vil kunne føre til store utfordringar for reindriffta med å ivareta dei tradisjonelle driftsmønstra og i forvaltninga av næringa. Reintalet må sjåast i samanheng med det totale beiteområdet eit reinbeitedistrikt har til rådvelde. Eg meiner derfor at dette ikkje er eit føremålstenleg tiltak.

### **Svar på forslag 3**

Reindriffta er ei relativt lita men viktig næring. Som det går fram av omtalen ovanfor, er det dei tre nordlegaste statsforvaltarande som er førstelinestyresmakt for reindriffta. Det er i både næringa og samfunnet si interesse å ha ei god og oversiktlig reindrifftsforvaltning. Ei fragmentering av forvaltninga ved å overføre ressursar og kompetanse til kommunane, ville gjere det krevjande å sikre ei kompetent, einskapleg og føreseieleg forvaltning av næringa. Vidare ville det ført til auke i den totale ressursbruken.

Oversikt over reintal i vårflokk (før kalving) for reinbeitedistrikta er offentleg tilgjengeleg gjennom *Ressursregnskapet for reindrifften*, som Landbruksdirektoratet utarbeider årleg. Med denne oversikta vil kommunane ha ei viss oversikt over talet på rein som har beiteområde i kommunen.

Reindrifftslova regulerer utøvinga av reindrifftsretten, men ikkje forvaltninga av areala reindriffta nyttar. Arealforvaltninga blir styrt av plan- og bygningslova, og kommunane har derfor ei viktig rolle i å forvalte dei areala reindriffta nyttar. Dette krev at kommunane har kunnskap om korleis reindriffta nyttar areala, noko kommunane kan få gjennom distriktsplanen frå reinbeitedistrikta, og gjennom dialog med reinbeitedistrikta.

### **Svar på forslag 4**

Etter reindrifftslova § 57 skal det fastsetjast bruksreglar for forvaltninga og bruken av ressursane i reinbeitedistriktet. Bruksreglane skal sikre ei økologisk berekraftig utnytting av beiteressursane i distriktet.

Bruksreglane skal utarbeidast av styret for reinbeitedistriktet og skal godkjennast av statsforvaltaren. Det går fram av reindrifftslova kva bruksreglane skal ha nærare reglar om. Det skal gjevast reglar om beitebruk, reintal, bruk og vedlikehald av gjerder og andre fellesanlegg, bruk av motorisert køyretøy, disponering av reindriftsfond, forvaltning av distriktet sine middel, fordeling av arbeidsplikter og investeringar, og andre tilhøve. Det er fastsett eit øvre reintal for dei enkelte siidaene i bruksreglane i kvart reinbeitedistrikt.

Bruksreglane er til intern bruk for reinbeitedistrikta.

Distriktsstyret skal òg utarbeide distriktsplan, jf. reindriftslova § 62. Planen skal innehalde dei opplysningane om verksemda i distriktet som er naudsynte for den offentlege planlegginga. Distriktsplanen skal angå flyttemønster, gi oversikt over årstidsbeite, kalvingsland og liknande, oversikt over framkomst- og transportmiddel, oversikt over gjerder og anlegg og eventuell inndeling i beitesone. Distriktsplanane skal gje kommunane god oversikt over korleis reindriftn brukar areala i kommunen, og informasjonen skal òg visast i arealbrukskart for reindriftn, som er tilgjengeleg i NIBIO si innsynsløysing Kilden. Dette vil gje kommunane eit godt utgangspunkt for å gå i dialog med reinbeitedistrikta i plansaker. I tillegg gjev Ressursregnskapet for reindriftnæringa oversikt over reintal og produksjon i distriktet.

### **Svar på forslag 5**

Reindriftslova har fleire føresegnar som regulerer saker knytt til at rein har valda skade utanfor lovleg beiteområde. Reineigarane har ei plikt til å føre tilsyn med sin reinflokk, jf. reindriftslova § 28, og har ei plikt til å retta seg etter føresegnene i reindriftslova, jf. § 74. Om reineigarane ikkje etterkjem denne plikta har statsforvaltaren, dersom offentlege interesser tilseie det, ei plikt til å gje naudsynte pålegg for å bringe det ulovlege tilhøvet til opphøyr, jf. reindriftslova § 75. Om pålegget ikkje blir etterkome, kan statsforvaltaren ilegge tvangsmulkt og vedta tvangsutdriving av den aktuelle reinflokk, jf. § 79.

Grunneigar har òg moglegheit til å fremje erstatningskrav, jf. reindriftslova § 67 flg. Det vert lagt til grunn at slike erstatningskrav har ein preventiv effekt om denne moglegheita blir brukt. Dette er likevel eit privatrettsleg tilhøve som ligg hjå den private parten og har følgeleg ikkje nokon tilknytning til reindriftnforvaltninga.

Det er viktig at statsforvaltarane følgjer opp brot på reindriftslova. Landbruks- og matdepartementet har sendt brev til statsforvaltarane der det er presisert at ein skal ha eit særleg merksemd på, og oppfølging av føresegnene i reindriftslova om tilsynsplikt i konfliktområda. Eg opplever at statsforvaltarane har hatt meir merksemd på desse utfordringane den siste tida og meiner det er viktig at statsforvaltaren òg i framtida følgjer opp brot på reindriftslova og set i verk naudsynte tiltak etter reindriftslova.

### **Avslutning**

Avslutningsvis vil eg understreke at arbeidet med ei berekraftig reindriftn med eit reintal i samsvar med ressursgrunnlaget er ei prioritert oppgåve. Det er ein føresetnad for målsetjingane om ei berekraftig reindriftn at dei øvre reintala er følgd av effektive tiltak for kontroll av at faktisk reintal er i samsvar med dette.

Regjeringa har sett i gang eit arbeid i Landbruks- og matdepartementet med ein heilskapleg gjennomgang av reindriftslova. Arbeidet er breitt forankra med innspel frå ei rekkje relevante aktørar. Det er stor merksemd på bestemmingane som gjeld reduksjon av reintalet.

Eventuelle behov for endringar i bestemmingane om reintal inngår i dei heilskaplege vurderingane som vert gjort i lovarbeidet.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink that reads "Geir Pollestad". The signature is written in a cursive, flowing style.

Geir Pollestad